

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 26.01.2017

**Helge Nævdal (A)** sette på vegner av A, Sp, SV, KrF, MDG, V, Frp og H fram slikt forslag:

«Tillegg punkt 1:

Ulvund og alt. II vert vald på strekninga mellom Kjønnagard og Vinje til åskanten der lina vil krysse utløpet av Oppheimsvatnet. Her bør traséen knekkast mot vest slik at den møter alt. I og følgjer denne vidare mot Vinje.»

### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 vart samrøystes vedteke.

Nævdal sitt forslag til tillegg punkt 1 vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2 vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. Ut i frå ei heilskapleg vurdering rår Hordaland fylkeskommune til trasealternativ 2-B-II. Ulvund og alt. II vert vald på strekninga mellom Kjønnagard og Vinje til åskanten der lina vil krysse utløpet av Oppheimsvatnet. Her bør traséen knekkast mot vest slik at den møter alt. I og følgjer denne vidare mot Vinje.
2. Fylkeskonservatoren viser til at det ikkje er gjort ei kulturminneregistrering av traséane jf. § 9 i kulturminnelova. Det er alt kjent nærføring til automatisk freda kulturminne i området. Det vil slik verta stilt krav om kulturminnegranskingar jf. § 9 i kulturminnelova i linje og tiltaksområde i samband med vedtatt linje. Me gjer merksam på at dersom det kjem fram automatisk freda kulturminne i konflikt med konsesjonslinje skal desse handterast etter kulturminnelova.